



Lærdal kommune

## **Forskrift om minsteareal for hjort, elg og rådyr**

Fastsett av Lærdal kommunestyre 07.april 2011 sak 014/11, med heimel i lov 29.mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt (viltlova) §16 og forskrift av 22.mars 2002 nr. 314 om forvaltning av hjortevilt og bever §4 og §5.

1. Det er høve til å driva jakt på hjort og elg i Lærdal kommune.
2. Det er høve til å driva jakt på rådyr i sone 2, aust for Husum gnr 51 bnr 1.
3. Minsteareal for godkjenning av hjortevald i sone 1, frå og med Husum gnr 51 bnr 1 og vestover, vert fastsett til 600 daa.
4. Minsteareal for godkjenning av hjortevald i sone 2, aust for Husum gnr 51 bnr 1, vert fastsett til 800 daa.
5. Minsteareal for godkjenning av elgvald vert fastsett til 8.000 daa.
6. Minsteareal for godkjenning av rådyrvald vert fastsett til 10.000 daa.
7. Denne forskrifta trer i kraft frå det tidspunkt den er kunngjort i Norsk Lovtidende. Samstundes vert tidlegare vedtak om *Lokal forskrift om jakt på hjort, elg og rådyr i Lærdal* av 05.06.08 (sak 040/08 i Lærdal kommunestyre) oppheva.